



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 22.02.2018
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleder, Nye Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann i Volda

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 7/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 9/18	Grensejustering i samband med kommunereforma – Bjørke
PS 10/18	Interkommunale samarbeid - retningsval for nye Volda for det som gjeld tenestesamarbeid/produksjon
PS 11/18	Orienteringssaker
OS 12/18	Ny næring på gamle tufter - forprosjektsrapport
OS 13/18	Framdriftsplan for Temakomit� for nytt kommunenamn og heraldikk
OS 14/18	Forslag til administrativ hovudstruktur
OS 15/18	Utkast til reglement for Nye Volda kommune
OS 16/18	Like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar
OS 17/18	S�knad om deltaking i partssamarbeid om digital kompetanse
OS 18/18	H�yringsbrev - Endringar av politidistriktsgrenser

PS 7/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Ingen merknadar til innkallinga.

R ysting:

Godkjenning av innkalling av sakliste samr ystes vedteken.

PS 8/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

R ysting:

Protokoll frå f rre m te vart samr ystes vedteken.

PS 9/18 Grensejustering i samband med kommunereforma - Bjørke

Administrasjonen si tilr ding:

Med bakgrunn i utgreiinga om grensejustering vil Fellesnemnda ikkje vere overraska om Fylkesmannen i M re og Romsdal og Kommunalministeren konkluderer med at Bjørke og Viddalen krins vert overf rt til nye Volda kommune.

Dersom det vert resultatet, vil nye Volda kommune ynskje innbyggjarane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggjarane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte

Handsaming:

I eit felles forslag frå Eldar Engelund (SP), Bente Tryggestad (SP) og Odd Harald Sundal (SP), vart det lagt fram slikt forslag til alternativt vedtak:

«Med bakgrunn i resultatet av innbyggjarhøyringa, vil Fellesnemnda i Nye Volda på noverande tidspunkt ikkje tilrå grensejustering for Bjørke og Viddal krins.»

Om fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kommunal og Moderniseringsdepartementet vel og legge avgjerande vekt på andre moment en fleirtalet i krinsen sitt syn, vil Nye Volda ynskje innbyggjarane velkomne. Nye Volda vil då sørge for at innbyggjarane i Bjørke og Viddal krins får ivaretatt god oppfølging og teneste kvalitet.»

Jørgen Amdam (mfl.) la også fram slikt forslag til alternativt vedtak:

«Om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KMD konkluderer med at Bjørke og Viddal krins vert overført til nye Volda kommune vil nye Volda kommune ynskje innbyggjarane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggjarane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.»

Amdam føreslo prøverøysting, der forslag frå Engelund/Tryggestad/Sundal, Jørgen/mfl. og administrasjonen si tilråding skulle røystast over kvar for seg.

Det var totalt 10 røysteføre. Prøverøystinga gav følgjande resultat:

Forslag frå Engelund, Tryggestad og Sundal fekk 3 røyster mot 7.

Forslag frå Amdam mfl. fekk 10 røyster.

Administrasjonen si tilråding fekk 1 røyst mot 9.

Fellesnemnda gjekk så til røysting på alle tre forslaga.

Røysting:

Forslag frå Engelund, Tryggestad og Sundal fekk 3 røyster mot 7 og fall.

Forslag frå Amdam mfl. fekk 10 røyster.

Administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 22.02.2018

Om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KMD konkluderer med at Bjørke og Viddal krins vert overført til nye Volda kommune vil nye Volda kommune ynskje innbyggjarane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggjarane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.

PS 10/18 Interkommunale samarbeid - retningsval for nye Volda for det som gjeld tenestesamarbeid/produksjon

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda.

Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/næringssamarbeid.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 22.02.2018

Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda.

Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/næringssamarbeid.

PS 11/18 Orienteringssaker

OS 12/18 Ny næring på gamle tufter - forprosjektsrapport

På grunn av sitt verv som styremedlem i Sunnmøre Kulturnæringshage, som er ein part i dette prosjektet, vert representant Odd Arne Folkestad (FRP) erklært ugild i saka jamfør Forvaltningslova §6. Folkestad trekte seg derfor tilbake i OS 12/18.

Jørgen Amdam gjorde ei kort utgreiing av prosessen ved prosjektet med utgangspunkt i sluttrapporten som låg vedlagt i innkallinga. Ny næring på gamle tufter har forsøkt å få så god oversikt som mogleg over tilhøva i området, der målsettinga mellom anna har vore å sikre og utvikle nye arbeidsplassar innanfor naturbaserte næringar i kommunane Stranda, Ørsta, Volda, Stryn og Hornindal.

OS 13/18 Framdriftsplan for Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk

Etter  nske fr  Fellesnemnda i sist m te, la Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk fram ein framdriftsplan for sitt vidare arbeid.

I referat fr  m te i komiteen datert 12. februar, kjem det fram f lgjande framdriftsplan:

- F r m tet i Fellesnemnda 19. april 2018 leverer Heraldikknemnda endeleg forslag til nytt kommunev pen for Nye Volda.

- Før møtet i Fellesnemnda 21. juni 2018 leverer Heraldikknemnda forslag til val av motiv for medaljongane i den nye ordførarkjeda for Nye Volda.
- Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda.
- Heraldikknemnda tek sikte på å overlevere ferdiglaga ordførarkjede til Volda kommune tidleg på hausten 2019 etter nærare avtale med Fellesnemnda.

OS 14/18 Forslag til administrativ hovudstruktur

Prosjektleiar Rune Sjugard presenterte sitt forslag til ny administrativ hovudstruktur i Nye Volda kommune. Organiseringa legg opp til tre sektorar (Helse og Velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling). I tillegg ligg det to frittståande avdelingar direkte under rådmannen (Personal og Økonomi). Under Assisterande rådmann ligg det også ei avdeling for Kultur.

OS 15/18 Utkast til reglement for Nye Volda kommune

Jørgen Amdam, som også er leiar for Organisasjonskomiteen, la fram eit endeleg utkast til nytt reglement for Nye Volda. Organisasjonskomiteen ser føre seg tre tenesteutval i tillegg til dei to lovpålagte nivå kommunestyret og formannskapet.

Vidare prosess for reglement vil no vere å lage til eit delegeringsreglement, samt å utarbeide (i samarbeid med grendene) retningslinjer for grendeutvala i den nye kommunen.

OS 16/18 Like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar

OS 17/18 Søknad om deltaking i partssamarbeid om digital kompetanse

OS 18/18 Høyringsbrev - Endringar av politidistriktsgrenser